

Referat frå foreldremøte for 2.klasse Tirsdag 26.april

DEL 1: (Felles for 1. og 2.klasse)

1. Korleis går det i gruppa?

Stort sett går det bra. Flott gjeng, og dei går godt saman. Akkurat no jobbar dei med å vente på tur - t.d kan ikkje alle vatne grønsakshagen på samme tid. Begrepet urettferdig blir brukt mykje blant elevane. Det handlar ofte om å lære seg å vente på tur, og at ikkje alt kan vere likt heile tida. Snakk gjerne om begrepet urettferdig heime, og kva dette egentlig betyr.

2. Informasjon om fellesfag som tema, verkstad, steg for steg/Zippy, gym, uteskule, RLE – (musikk)

Zippy: Barna deltar godt i diskusjonar, og likar faget godt.

Gym: No har dei Torill i gym.

Musikk: Ikkje reint musikkfag, men syng litt kvar dag.

Tema: Orientering om "Frå Jord til Bord". Dette synes borna er kjempekjekt og dei er engasjerte.

Sløyd/verkstad: No har dei over lengre tid vore på sløyd, og borna får jobba lengre enn vanleg med den same tingen, noko dei likar svært godt! Dei brukar fleire typar verktøy, og gjer seg flid.

3. Tilbakemelding etter Forut aksjon:

Borna fekk inn 4 568 kr, og gjorde ein flott innsats med å selje.

4. Foreldra sitt kvarter:

Diskuterte tung sekk og leikeven. Foreldra ynskjer at dei ikkje skal ha meir bøker med seg heim enn dei treng. Når elevane har med seg bytteklede i sekken, er det kjekt om dette kjem i hylla. Jentene har hatt arrangerte leikevenner i friminutta, så ingen skal vere aleine. Det er eit ynskje om at også gutane får leikeven.

5. Saker til det store foreldremøte:

Ingen spesielle saker.

6. Informasjon om FAU og val av ny klassekontakt for 1. klasse og FAU representant for 2.klasse

Miriam orienterte om dei nye vedtektene til FAU. Desse er delt ut til alle foreldre i elevane sin perm. Ny Vara for haustens 2.klasse er Isabell Hansen og ny FAU representant for haustens 3.klassen blir Edmund Nyheim

7. Grensesetting og Folkeskikk:

Det har vore temakveld for alle foreldre om "Grensesetting og Folkeskikk". Dette er eit svært viktig tema. Berit oppsummerte frå møtet.

Det er viktig å snakke og øve på dette heime; som å seie takk, unnskyld, at nei betyr nei, og kva som er rett og gale.

8. Litt om neste skuleår:

Lærarkabalen er ikkje heilt avklart enda. Bjørg skal mest sannsynleg fortsette med 3.klasse til hausten.

DEL TO: (2.klasse)

1. Norsk, matematikk, engelsk – lekser/vekeplan/temaplan.

Engelsk: Her går det greit, flinke å jobbe.

Norsk: Elevane både les og skriv godt, for mange har det løst både på lesing og skriving.

I leseboka veljer dei ofte tekster etter kva elevane har lyst å lese. Etter at elevane har lest ein tekst, må dei ofte fortelje kva dei las. Dette for å sikre at dei får med seg innhaldet, og ikkje berre les "bokstavane".

Matematikk: Jobbar godt også her.

Lekser/vekeplan: Bjørg går alltid gjennom kva som er lekser. Forleddra synes at mengde lekser er ok. Foreldra er også nøgd med at skriveleksene kjem til torsdag, då dette ofte er den tyngste delen av lekseplanen.

2. Skulen si heimeside.

Her ligg mykje nyttig info og oppgåver barna kan jobbe med.

3. Ymse: Ingen spesielle saker.

Det er snart tid for foreldresamtalar – elvane blir med første del.